

Til Haugalandet

Av Alf Saltveit

Aldri vert eg visst trøytt av å reisa
gjennom fargane dine, Haugalandet.
Eg går lang elvar og strender og forstår
dei ikkje. Korleis skulle eg
forstå deg, Haugalandet, forstå meg sjølv?

Visst har eg sett fjerne land, blåe åsar,
eventyrlege øyar, mystiske skogar.
Gong etter gong har eg lytta til songen
til tiggarn frå Luossa, og alltid
har eg kome tilbake til deg, Haugalandet.

Eg veit det nyttar ikkje å ropa
på menneske som har følgd med ei tid
og ikkje følgjer meg lenger. Eg veit
at vegen min startar på ein gard
i Nord-Skåre og endar i hjarta mitt.

Stega mine er ei gåve frå jorda
og steinane som eg går på. Dei fører meg
til audslege strøk med sjeldne blomar
og fuglar. Stundom kan ei sprekke
opna seg i ei fjellside eller i borken

på eit tre og utan ein lyd som ureinar
gi rom for ein innsikt som har vøre borte,
ein kortvarig tale utan ord. Opna seg
for dei ukjende tinga sin natur,
for ein rikdom uendeleg mykje større

enn pengar, for ein opphavleg lærdom
eg ikkje er i stand til å forstå
og likevel tek imot.
Ord treng eg ikkje lenger,
berre ei taus, avslappande tilnærming

for å bryta ut av det lammande mismodet.
Slik går eg i terrenget ditt,
Haugalandet, over bruene dine,
gjennom gatene i byen din som forfell
og veks i ein løyndomsfull røyndom.